

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Høgtidm. ved familiefeiler

Oppskr. av: Sigurd Nilssen

(adresse): Orkanger

Fylke: Sør-T. Delag

Herad: Meldal

Bygdelag:

Gard:

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fødselen

SVAR

1. Det har vori skikk at skyldfolk og grannar kom med seingamat til barselkvener, og det er brukelig no også. Men dei går
2. ikkje i samla flokk. Dei går når det
3. måtar best. Skyldfolk og nargrannar
4. gjekk som regel først og dei
5. gjekk berre ein gong.
- 6-7. Det var mykje godt grønt sei bar i eldre tider, risengryngrønt med eit lag rømgrønt overpå. Dei smakka om oppgrønta og pinnegrønta.
8. Grønta bar dei i krusfat eller blekkterrin somme gonger i krusterin, dei künde og ha med vaffelkaker
9. All mat dei bar til barselkvener var kalla seingamat (seingamat)
10. kona sjølv gjekk med seingamaten men var det lang veg, sette mannske hestene og skyssa kona og var med inn og fekk traktering. Det var
11. soleis ikkje noko skam at kerane kom til barselgården; men ein kar omalle allid gje ei penge-gjerd til

nyfødsingen eller skulle han mis-
se hovedplaget sitt

12 Sendingfolket fikk allis trakter-
ing- Kaffi, Kakü, Kaker, småbröd
og firkünmat som hövde

13 Lers navn på slike gjestebod
har eg ikkje høyrte gjete

14 Kondmälis er eit ukjent ord
her

15 Dei gjekk og til ügifle mödre
med rseugamat, når mora var trulova
med barnefarem, om det hadde kome
noko i veien så det ikkje hadde
vorte bryllup för barnet kom
Kom barn etter onir tilfeldig sam-
band med Kar, skulle ein ikkje bera
seugamat åt onora.

16 Dei brukar graüt luma men og
ymse sortar Kakü

17 Konene hadde og gäve til barnet
det var för det meste pengar og

18 Det heider luma

19 När barnet var döpt var det
Kales og neraste skylfolk og
fadderne var oned.

20 Dei sa "det var bandäpi" oflast
sa du at barnet, var til Kristman;
difor var Säpshuva til barnet Kalla
Kristenhuva

21. Nei sending til Säpskalaset
var ikkje brükeleg.

22. Fadderne og skylfolk gav
mest, for onene var det arander
og gjens to kroner, seinare arit
det fem kroner

Han eller ho barnet var attkalla
etter skulde gje barnet namngåve.

Hadde gjevaren godt utkome og støda
elles var god millom ^{dei} ymse i slekta,
kunne ^{det} verta ^{ei} gje i gæve.

23 Skikken er mykje god den same
euno; men etter det vart meir per-
gar millom folk vert det brukt
kostburare gæver

B. Fødsesdag.

24. Lers feiring av fødselsdagen for
børna var det ikkje; kenskje det
vanka litt goder same tider.

25 For voksne var det fest på
årsmålsdagar ved runde tal

26. For dei skyløfolk og vener.

No måter også ukedne fram med
27 gæver og ynskje i lakke. Sumne
sender gæver. Jubelanten kjenner
28 det som plikt lag. beida dei etterpå
29 på traktering. Lers matrett er ikkje
brukeleg. Kaffi og kakar, same tider
sjokolade.

C. Konfirmasjon

30 Dei som stod fadder ved dåpen
og mere skyløfolk var sjølskrivne
lis å verta beid. Gæver i eldre tid
var bibel og testament

31. Dei held konfirmasjonslag no
Det er skikk sidan århundreskiftet

32. Det var ingen regel at prest og
lærer vart beidne på masjonskalas,
men lødde dei i nærleiken av heimen

4.
til konfirmantene vart dei berne.
33 Vei sending til laget var ikkje
brukt.

34 Konfirmantane får gaver frå ve-
ner, grannar og frubar, kostbare
gaver som sykkler og mange anna.
Mange meiner at det går for vidt
med desse gaveflommen, det har
utarta og bør mincast.

35 Det er ingen fast skikk med
matrettar i "onasjonslag".
D. Bryllup.

36 Festen vart halde i eldre tider,
men ikkje mange av dei som no
lever har høyt snakk om det. Det
var vel helst på større gardar der
dei hadde godt utkomme.

37. No held dei ikkje trulovings-
gilde.

38. a) Bryllupet var det 3 hovudmål
imellom desse kaffi og brød, öl og
brød b) Gjestene vart først de kom
traktert med öl og brød, så kaffi
og kaku før dei reiste til kyrkja.
Eller kyrkjeferdar var det sådd
seinar kaffi og brød, og tilslutt kvelds
mat kaffi, mjølk og kaku. Andre
dagen var det same rettene untatt
middagen, da var det brura-grautes
vart servert c. Det var viss takst
sødd første dagen og brura-graut, der
andre. Grauten vart spilla ^(spela) vinn
med ein fiande brura-graut.
Oppvartarane kom i lag med kvar
sitt

grautpot, føre laget gjekk 1 eller 2
Spelvernen og spalli inn grauten.

38. Anna fast program hadde dei ikkje,
oppvartarane vart både på Kalas
ein gang etter bryllupet.

39. Strylófolk og nære grannar hadde
størt beining (serving) 1 fleskeskinke,
eit speke saulår, 3 kg smør, 1 kvitost,
1 gomost, 8 kakü, vaffler, andre gjester
beinte ikkje flekk berre 1 1/2 kg smør
og 6 kakü, ellest som nemt ovenfor
Linnare har det vorte skikke å
ha med ein komme desertgraut.

40. Smøret var allis forma i smør
form.

41. Bryllupsledaren samla ikkje inn
noko av beiningen; han hadde berre
å be til bryllup som oftast var
han og Kjömeistar i bryllupet.
Var han for rindt i bølget og bød
folk lesle han opp ei lert regle
på dansk. Summe tider laga han til
rim på sin eigen dialekt. Her er
eit døme: "E fer og be til bröllöpp
at han Erik, han e rik, ho Kari
e ikk slik, ho e frå Fron og er
oppella (oppale) på Son'n Dake
for komma på ei von."

42. J. Medala heite det beining:

her er Eifrongen ei vorte til e
i grannebygda Orkdal er det be-
ining

43. Det var helst nokon av Sjölv-
folket som var inn med beiningen
kvelden før laget. Dei kalla det

6
beringskvellen.

44 Alle som kom med bering skulde
ha traktering. Sers namn på
kalaset har eg ikkje høyr

45 Det hende ender og gang at
dei sende heim smakebit berin-
-gskvellen

46 De som stod for ordninga med
maten og ba i korgar og kopper. Det
som skulde sendast heimatt, kalla
dei matmor. Hjemeistaren skulde
sjå til at folk fekk öl og skjent
og ordne folk til borda når det var
mat å få. Han heldt tale for
brudfolket. Når dei skulde gje i
brudskåla sendt Hjemeistaren att-
med. Dei sende ikkje skåla rundt
bordet liksom i bryllupet bya Kol-
bjørn på Kvatt P. Dass skildrar. Hj-
meistaren slo og nemde op. Kva
kvar gav. Han sa b. d.: "Her kjem
ein staut onykar fram og vil beare
vort kjere brudepar med 2 daler i
skåla. Takk skal du ha som den
artanes kar du er; brudepige skal
du få kvar daganes natt."

47. For det onuste heldt dei bryllup
2 dagar til eit

48 Bønder på gardane held ikkje
bryllupp på holdt. Arbeidarar som
ikkje har hus sjolve kan stundom
gjera det; Men det hender mang

49 ein gang dei reiser til byen og
gifter seg utan å halda bryllup

50. For dei gaver bedt dei gjeverane
til eit lag ein kveld. Folk som har

IV
halde bryllup og fått gaver frå ein-
kvan som ikkje ^{var} bedne til bryllup,
held eit lag. (ettelag for dem).

57 Dei held ekkje andre festar enn
sølv og gullbryllup
E. Gravøl.

52. Heile bygda var dilt i bølslag (bid-
-arlag). Alle i bølslaget vart bedne og
utanom skyløfolk og newer av den
søde. I krigsåra dei det var lite
mat bad dei berre 2 frå kvar hus-
lyd i bølslaget

53. På større gardar hendte det
gravølet vart heldt veka eller var
det vanleg. 3 dagar, seinare vart
det ^{det} 2 og no kom det vere berre 1 dag.

54. Det var vanleg 3 hovudmål.
frukost, middag, og kveldsmat, kaffi
og brød, öl og brød mellom hovudmåla
Gjestene sat ved langbord; var det man-
ge gjester stod 3 langbord i hesteko-
form

55. Det er ikkje kjend nokon sers
mat som ikkje kunde serveras og
56 ikkje sers namn på hovudmålet
i gravøl.

57 Var det lite rom i heimen kunde
dei få ha serveringa i grannestova
om ho låg liggjunt til. Eller hovde
de å leiga forsamlingsal, skulehus,
hadde dei matslåket der. Den søde
skulde alltid tålast, ^{takkast} ut frå heimen.

58. Dei kom med beringen beringskoe-
ldeu, men kunde og ha han med
om morgonen når dei kom til grav-
ølet.

59. Har ikkje høyrte om sers pynting
etter, pakking av gravølsmat.

Frå grannegardane i bølaset og mykje
utom og, kom dei med mjølk til grav-
øls garden dagen føreåt, ei kone
frå kvar gard-mjølkkjerringane;
dei vart innleide og fekk mat
og kaffi. Det var same skikken
med mjølkkjerringar til bryllup og.
60 Alle som kom med sending fekk
trøsting.

61 Ingen skilnad på maten, enten
den søde var gift eller ugift

62 Mange stader held dei enno
gravøl 2 dagar. I eldre tider var
det lite mat hjå mange. Når
det stod føre eit lag i grenda,
svelta dei seg føreåt og ut så
greuselst når dei kom i gjeste-
bødet. Prest og fleire med meinte
det var frässerii slike etarlag og
tok til å arbeida mot fleire dagars
gjestebod. Verdskrigane med si
matnøyd gjorde og sitt til at det
vart meir enkelt i lagom og kortare
tid.

63 Enno finst det nokre som brygger
maltøl til gjestebod; men det er
heilt slutt med å ha brennevin i
gravølet slik det var i fjorlida.

64 Heimebrygg og bering er det
same enten det er bryllup eller
gravøl.

65 Dei serverar likeins som før,
kaffi og kakø am morgnane, sådd

9.
II
til middag, mjølk kaffi og kakū til
kvelds. Her dei gravol 2 dagar, er det
graut andre dagen til middag

66. Alkohol anna^{ann} hembrygg brukar
dei ikkje i gravol no og ikkje held
67 dei på bondebrygga gravol med
middag på hotel

68.7 dei siste åra har sume byrja
å br. til gravols gjennom lysing
i avisa

69 å bysa ut dødsfall i avisa
har dei gjort heilt sidan år-
hundreskifte

F Nye festar.

70. Det er ingen tradisjon om kv
mat ein skal ha på Nonaifest.
Kommunehar i seinare år spandert
brus på tingane. På skulen held dei
fest for dei; for dei voksne er
festen om kvelden i forsamlings-
hus og det vander er kaffi og brus,
og kakur til traktering.

71. Morsdagen byrja dei så smått
å feira for 10-15 år sidan,

72 farsdagen dei siste åra; men
det er ikkje alle stader på gardane

73-74. Visse retter eller kakur har
ikkje vorte fast skikk å bruke på
mors- og farsdag.

75. Døse dagane vert mest kjent
gjennom aviser og radio og all re-
klame for gaver til mor og far.